



Sjølvmeldinga 2008

Starthjelp for lønnstakarar og pensjonistar

LES OG
«RETTEIING TIL
POSTANE»

Inga endring:
Inga levering
sjå side 3

Sjekk alle opp-
lysningar og frådrag
sjå side 2

Nytt om PIN-kodar
og aksjar o.a.
sjå side 3

Ikkje papir:
Skatteoppgjer og
sjølvmelding
sjå side 4

Kontroller sjølvmeldinga!

I «Rettleiing til postane» finn du kvar i sjølvmeldinga inntekt/frådrag og formue/gjeld skal først. Det er ditt ansvar å sjå til at all skattepliktig inntekt og formue som ikkje er førehandsutfylt, blir gjeve opp i sjølvmeldinga du leverer. Hugs og å endre førehandsutfylte beløp som er feil.

Bruk lønns- og trekkoppgåver, pensjonsoppgåver og årsoppgåver som du fekk i januar i år, til å kontrollere beløpa.


Om du endrar lønn og pensjon, kan slike endringar føre til endra minstefrådrag. Du treng då ikkje å endre minstefrådraget sjølv. Skatteetaten vil endre det automatisk.

For å unngå å betale for mykje skatt, må du ikkje gløyme frådrag du har krav på.

Har du krav på foreldrefrådrag, må du vere merksam på at eit eventuelt førehandsutfylt beløp kan vere for lågt/mangle fordi det berre er offentleg organiserte skulefritidsordningar og offentleg åtte barnehagar som har plikt til å sende oppgåver til Skatteetaten.

Dersom du i løpet av året har skifta arbeidsplass eller bustad, kan eit eventuelt førehandsutfylt reisefrådrag vere feil.

Er du einsleg forsørgjar, kan du ha krav på klasse 2, sjå temaet «Foreldre og barn» i «Rettleiing til postane».



! Postane nedanfor viser til «Rettleiing til postane».

Det kan vere aktuelt å gjere endringar eller tillegg i sjølvmeldinga dersom du i 2008 m.a. har hatt:

Aksjar

Utbytte, kjøp eller sal av aksjar/grunnfondsbevis

Postane 3.1.5, 3.1.7, 3.1.8, 3.1.10, 3.3.8, 3.3.10 og 4.1.8

Barnehage/dagmamma

Utgifter til pass og stell av barn (gjeld og kostnader til transport)

Post 3.2.10

Bil og/eller båt

Kjøpt eller selt båt, bil eller campingvogn

Postane 4.2.4, 4.2.5 og 4.2.6

Bustad og/eller hytte (fritidseigedom)

Gratis bustad utanfor arbeidsforhold (føderåd)

Post 2.6.2

Kjøp eller sal

Postane 2.8.4 (skattepliktig gevinst) **og 3.3.6** (frådragsberettiget tap)

Utleige av bustad

Postane 2.8.2 og 3.3.12

Utleige av eiga hytte (fritidseigedom)

Post 2.8.3

Festa (bygsla/leigd) tomt

Om festetomt, sjå side 19 i «Rettleiing til postane»

Lån til/frå private

Pengar lånt til eller frå familie eller vener

Postane 3.1.2, 3.3.1, 4.1.6 og 4.8.1

Næringsinntekt

Post 2.7

Pendlarkostnader

Budd utanfor heimen på grunn av arbeidet

Postane 3.2.7 og 3.2.9

Renteinntekt – ekstraskattlegging

Post 3.1.3

Reiseutgifter heim–arbeid/ besøksreiser

Reisefrådrag på meir enn kr 12 800

Postane 3.2.8/3.2.9

Sjukdomsutgifter

Utgifter på minst kr 9 180 som følgje av varig sjukdom

Post 3.5.4

Underhaltsbidrag

Motteke frå eller betalt til fråseparert eller tidlegare ektefelle

Postane 2.6.1 og 3.3.3

Underskot

Underskot frå tidlegare år som kan først til frådrag i 2008

Post 3.3.11

Utland – formue og inntekt

Postane 1.5.6, 3.1.11, 3.3.2, 4.1.9, 4.6.1, 4.6.2 og 4.8.3

Nokre brosjyrar som du kan få på skattekontoret eller skatteetaten.no

- Avgift på arv og gåve
- Familiebarnehager og skatt
- Frådrag for arbeidsreiser – reiser mellom heim og fast arbeidsplass
- Lønnsarbeid i heimen
- Pendlarar, bustad, skatteforhold
- Sal o.a. av fast eigedom
- Skatt ved utleige av bustad
- Skatteregler ved barnepass for foreldre, dagmammaer og praktikanter
- Ungdom – arbeid og skatt

Informasjon til utanlandske arbeidarar med opphald i Noreg på skatteetaten.no

Rettleiing:

«Informasjon til deg som har arbeidsinntekt i Norge»

Brosjyrar:

«Selvangivelsen – kontroll – endring – levering»

«Pendlrefrådrag»

«Standardfrådrag»

Sjølvmeldingstypar

Personlege skattyatarar får anten tilsendt

- «Sjølvmelding for lønnstakarar og pensjonistar o.a.» eller
- «Sjølvmelding for næringsdrivande o.a.»

Levering av sjølvmeldinga

Opplysningar som Skatteetaten har fått frå arbeidsgjevarar, bankar, forsikrings-selskap, barnehagar o.a., er førte inn i sjølvmeldinga.

Du må kontrollere at dei førehandsutfylte opplysningane er fullstendige og korrekte. Har du andre opplysningar som har noko å seie for likninga, må du føre desse inn slik at dei blir tekne med. På side 2 er det vist til postar det kan vere særleg aktuelt å gjere tillegg eller endringar i.

Du treng ikkje å levere sjølvmelding dersom det ikkje er behov for å gjere endringar og/eller tillegg. Viss sjølvmeldinga ikkje er rett, må den korrigerast og leverast innan fristen. Viss ikkje, blir den rekna som levert med dei førehandsutfylte opplysningane, og du kan risikere å bli pålagt tilleggsskatt.

Skatteplikt til fleire kommunar

Sjølvmelding om du er skattepliktig til fleire kommunar skal du berre levere sjølvmelding til eitt skattekontor.

Leveringsmåtar

- Alle kan levere sjølvmeldinga på skatteetaten.no
- Alle kan levere på papir
- Leveringsfritak der dei førehandsutfylte opplysningane er fullstendige og korrekte

Sjå sjølvmeldinga for nærmare informasjon.

Er du blitt næringsdrivande i 2008?

Dersom du har starta personleg næringsverksemd (enkeltpersonføretak) i inntektsåret 2008 utan at Skatteetaten har registrert at du er blitt næringsdrivande, har du fått tilsendt «Sjølvmelding for lønnstakarar og pensjonistar o.a.». Det same gjeld om du er

blitt deltakar i KS, ANS o.a. Du kan då ha behov for «Starthjelp for næringsdrivande». Denne kan du laste ned frå skatteetaten.no eller få på skattekontoret.

Ønskjer du å levere sjølvmeldinga på papir, skal du levere den sjølvmeldinga du har motteke, og leggje ved næringsoppgåve og andre pliktige skjema. Beløp frå næringsoppgåva skal førast i feltet «Beløp som ikkje er førehandsutfylt, skal førast her» i sjølvmeldinga. Vil du levere sjølvmeldinga elektronisk, sjå post 2.7 i «Rettleiinga til postane».

Leveringsfrist

Frist for levering av sjølvmeldinga er 30. april 2009. Har du i 2008 vore deltakar i eit deltakarligna selskap som sender inn selskapsoppgåva elektronisk, har du frist til 31. mai. Næringsdrivande som leverer «Sjølvmelding for næringsdrivande o.a.» elektronisk, har òg frist til 31. mai.

Du kan søkje skattekontoret om utsett leveringsfrist dersom du har særlege grunnar, til dømes sjukdom eller reisefråvær som gjer det svært vanskeleg for deg å levere sjølvmeldinga innan fristen. Send snarast skriftleg søknad med grunngeving og gje opp fødselsnummer, namn og adresse. Du kan òg søkje elektronisk. Søk «RF-1115» på skatteetaten.no for meir informasjon om utsetjing. Sjå nærmare om dette på skatteetaten.no

Elektronisk levering

Alle tenester er opne heile døgnet frå tidligast 24. mars 2009.

Dokumentasjonskrav

Saman med sjølvmeldinga skal du alltid sende inn

- legeattest når du krev særfrådrag på grunn av store sjukdomskostnader. Dersom du tidlegare har lagt fram legeattest der det går fram at sjukdomen er kronisk, treng du likevel ikkje leggje fram ny legeattest
- legeattest/attest frå barnevern som bekreftar særleg behov for omsorg og pleie av barn som er eldre enn 11 år, sjå post 3.2.10
- dokumentasjon for gjeldsrenter i utlandet
- dokumentasjon for betalt skatt i utlandet dersom du krev kreditfrådrag eller inntektsfrådrag
- dokumentasjon dersom du til saman har hatt meir enn kr 100 000 i skattefrie lotterigevinstar o.l.

Annan dokumentasjon skal berre sendast inn dersom skattekontoret ber om det. Ver likevel merksam på at du kan bli bedd om dokumentasjon også etter at du har motteke skatteoppgjeret. Ta difor vare på dokumentasjonen. Leverer du sjølvmeldinga på skatteetaten.no, må du levere dokumentasjon på papir til skattekontoret innan sjølvmeldingsfristen.

Nytt i år

- **PIN-kodar vart sendt ut i eige brev frå Skatteetaten i desember. Kodane står ikkje lenger på skattekortet eller på sjølvmeldinga.** Sjå skatteetaten.no/pin for å bestille nye PIN-kodar.
- **Du kan levere sjølvmeldinga på skatteetaten.no frå tidlegast 24. mars.**
- **Du kan ikkje lenger levere sjølvmeldinga på SMS eller telefon.** Bruk leveringsfritak når alt er korrekt, eller lever på skatteetaten.no eller på papir.
- **Formue og utbytte frå dei fleste norske aksjeselskap og utanlandske selskap registrerte på Oslo Børs er førehandsutfylt i sjølvmeldinga.** Er beløpa ikkje førehandsutfylte, må du må føre dei i sjølvmeldinga og levere ho inn. Gevinst og tap ved realisasjon av aksjar mv. er ikkje førehandsutfylt i sjølvmeldinga. Du må difor føre gevinst/tap i sjølvmeldinga og levere ho inn.
- **Festetomt, sjå side 19 i «Rettleiing til postane».**

Pliktige skjema

Du må fylle ut egne skjema og leggje dei ved sjølvmeldinga når du

- har selt aksjar eller grunnfondsbevis i norske eller utanlandske selskap, sjå postane 3.1.8, 3.1.10, 3.3.8 og 3.3.10 i «Rettleiing til postane»
- har leigd ut bustad/fritidsbustad som skal rekneskapsliknast, sjå tema «Bustad» i «Rettleiing til postane»
- krev frådrag for faktiske bilkostnader, sjå tema «Bil» i «Rettleiing til postane»
- krev frådrag i norsk skatt for skatt betalt i utlandet, krev nedsetjing av inntektsskatt på lønn og pensjon eller har utanlandsk bankinnskott, sjå post 1.5.6 i «Rettleiing til postane»

Merk alle vedlegg med namn og fødselsnummer. Gje opp talet på vedlegg i sjølvmeldinga.

Urette eller ufullstendige opplysningar

Gjev du urette eller ufullstendige opplysningar, må du vanlegvis betale tilleggs-skatt.

Tilleggs-skatt utgjer som regel 30 prosent av den skatten som er eller kunne ha vore unnadregen. I alvorlege tilfelle er satsen 45 prosent eller 60 prosent.

Endring av postar i sjølvmeldinga

Skattekontoret kan endre beløp du har ført i sjølvmeldinga. Hovudregelen er at du får varsel dersom det er aktuelt

å gjere endringar. Skattekontoret treng ikkje varsle deg for å

- auke bruttoformue og/eller redusere gjeld som til saman ikkje utgjer meir enn kr 20 000
- auke inntekt og/eller redusere frådrag som til saman ikkje utgjer meir enn kr 1 000
- stryke ein post som ikkje er frådragsgodkjend, når du tidlegare har fått stroke ein tilsvarande post
- endre ein skjønsmessig fastsett formues- eller inntektspost når tilsvarande endring er gjort ved ei tidlegare likning
- endre, utelate eller leggje til beløp som det er klart skuldast rekne-/skrivefeil eller mistyding av skatte-lovgjevinga, og ei eventuell fråsegn frå deg ikkje vil ha noko å seie for likninga.

Skatteoppgjjer

Skatteoppgjjeret kjem anten i andre halvdel av juni eller i første halvdel av oktober. Dei som får skatteoppgjjeret i oktober, får beskjed om dette på sjølvmeldinga eller i brev frå skattekontoret.

Nytt i år

Gå inn i leveringsløysninga på skatteetaten.no og kryss av for å få skatteoppgjjeret elektronisk i år.

Les meir på skatteetaten.no/eAktør

Restskatt

Rentetillegget på restskatt er 3,9 prosent dersom du får skatteoppgjjeret i juni. Får du skatteoppgjjeret i oktober, er rentetillegget 4,8 prosent. Pensjonistar og

trygda som får skatteavgrensing på grunn av låg inntekt, slepp rentetillegg på restskatt. Om skatteavgrensing, sjå temaet «Skatteavgrensing» i «Rettleiing til postane».

Tilleggsforskot

Vil du unngå renter på restskatt, kan du betale tilleggsforskot innan 30. april 2009. Tilleggsforskot som er betalt etter 30. april, blir det ikkje teke omsyn til ved endeleg skatteavrekning. For seint betalt tilleggsforskot blir difor tilbakebetalt.

Bruk innbetalingsblanketten som du fekk saman med sjølvmeldinga. Restskatt på kr 99 eller lågare slepp du å betale.

Pengar til gode

Har du pengar til gode på skatten, kan du få beløpet inn på bankkonto. Rentegodtgjering på tilgodebeløp er 3,6 prosent (4,5 prosent dersom du får skatteoppgjjeret i oktober). Ved tilbakebetaling av tilleggsforskot som er innbetalt seinast 30. april 2009, blir renter godtgjorde med 0,5 prosent (1,5 prosent dersom du får skatteoppgjjeret i oktober). Tilgodebeløp på kr 99 eller lågare blir ikkje tilbakebetalt.


Klage på likninga

Får du skatteoppgjjeret i juni, er fristen for å klage 10. august. Får du skatteoppgjjeret i oktober, er klagefristen tre veker frå likninga blir lagd ut. Klage på likninga sender du til skattekontoret. Du kan klage elektronisk, søk etter RF-1116 på skatteetaten.no

Les meir på skatteetaten.no

Ektefellar

Ektefellar som vel å fordele bankinnskott, renteinntekter, gjeld og gjeldsrenter annleis enn det som går fram av dei førehandsutfylte sjølvmeldingane, må sjå til at begge sjølvmeldingar blir retta. Sjå òg «Ektefellar, registrerte partnarar og meldepliktige sambuarar» på side 28 i «Rettleiing til postane».



Førebels skatteutrekning

Dei fleste har fått førebels skatteutrekning saman med sjølvmeldinga.

Dette gjeld ikkje

- om du har ektefelle som er næringsdrivande og leverer «Sjølvmelding for næringsdrivande o.a.»
- personar som har lønns- og trekkoppgåvekoder som skattekontoret må handsame særskilt
- personar som ikkje har ordinært fødselsnummer, t.d utlendingar

- personar/grupper med sjølvmelding som skattekontoret treng lang tid til å behandle, og som difor ikkje får skatteoppgjeret før i oktober
- meldepliktige sambuarar

Endringar

Dersom du gjer endringar i sjølvmeldinga, stemmer ikkje lenger den førebels skatteutrekninga.

I dei fleste tilfelle treng du berre rekne

28 prosent skatt av heilt nye og endra inntekts- og frådragsbeløp (i Finnmark og Nord-Troms er prosentsatsen 24,5 prosent). Dette gjeld likevel ikkje inntektspostane lønn, pensjon og næringsinntekt. Har du endra slike inntekter, må du også ta omsyn til trygdeavgift og toppskatt. På side 44 og 45 i «Rettleiing til postane» er det skjema for å rekne ut skatten. Du kan òg få automatisk utrekning av skatten på skatteetaten.no

Ola Nordmann er gift og blir likna i skatteklasse 1E. Ektefellar som blir likna saman, blir anten sette i skatteklasse 2F eller 1E. Skatteklasse 2F viser at inntekt og formue er likna under eitt og fordelte mellom ektefellane i høve til kvar ektefelle si netto inntekt og netto formue. Skatteklasse 1E viser at inntektene til ektefellane er likna særskilt. Sjølv om inntekta blir likna særskilt, blir formuen alltid likna felles i skatteklasse 2 og fordelt mellom ektefellane i høve til kvar enkelt ektefelle si netto formue.

Einslege forsørgjarar som har barn som er 17 år eller yngre, blir vanlegvis automatisk sette i skatteklasse 2. Einslege som forsørgjer barn som er 18 år eller eldre, får skatteklasse 1 dersom dei ikkje krev og grunnlegg kravet om skatteklasse 2 i sjølvmeldinga. Sjå temaet «Foreldre og barn» i «Rettleiing til postane».



Førebels utrekna skattar og avgifter 2008

| Formueskatt til: | Grunnlag *) | Skatt/avgift |
|--|-------------|----------------|
| Staten | 801 100 | 202 |
| Kommune | 801 100 | 708 |
| Inntektskatt til: | | |
| Staten, fellesskatt | 358 360 | 42 495 |
| Kommune og fylke | 358 360 | 46 968 |
| Staten, toppskatt av personinntekt | 460 200 | 3 618 |
| Trygdeavgift: | | |
| Lønn o.a. (7,8%) | 460 200 | 35 896 |
| Sum skattar og avgifter i skatteklasse 1E før skattefrådrag | | 129 887 |
| Førebels utrekna skatt og avgift etter skattefradrag | | 129 887 |
| - forskottstrekk (trekt av arbeidsgivar o.a.) | | 132 450 |
| Førebels utrekna skatt til gode (utan renter) | | 2 563 |

Viser endeleg skatteoppgjer at du får pengar igjen, blir desse overførte til konto xxxx xx xxxxx. Vil du ha dei inn på ein annan konto, sjå informasjon lenger bak.

Tilleggsforskott betalt etter 1.2.09 er ikkje med i denne skatteutrekninga, men blir godskrive ved skatteoppgjeret.

*) Avrunding kan i enkelte høve føre til avvik i forhold til summene i sjølvmeldinga.

Hugs at ikkje alle får skatteoppgjer i juni! Somme får det først i oktober.

Kvittering til Ola Nordmann 031163 003 31
Tilleggsforskott innbetalt til: Skatteoppkreveren i Skattdal Beløp Betalers kontonummer Blankettnummer
Kontonr 0123 4567891 6817288916

Talet viser beløpet som arbeidsgjevaren har trekt i skatt gjennom året. Sjekk beløpet mot lønnslippene, lønns- og trekkoppgåvene og eventuelt innbetalt forskotsskatt. Har du

betalt inn tilleggsforskott før 1. februar 2009, er også dette beløpet med her.

Slik endrar du sjølvmeldinga

Opplysningane i sjølvmeldinga er grunnlaget for kva du skal betale i skatt. Du er sjølv ansvarleg for at desse opplysningane er rette. Ta deg difor tid til å kontrollere at opplysningane er rette og fullstendige.

Endrar du opplysningar som er baserte på årsoppgåver frå arbeidsgjevar, bankar, NAV, barnehage o.a., må du be den du har fått oppgåva frå, om å sende ny og korrekt oppgåve både til deg og til Skatteetaten.


Dersom det ikkje er eigen post for beløp

som skal først i sjølvmeldinga, gjev du opp beløpa i feltet «Beløp som ikkje er førehandsutfyllt, skal først her». Gje opp nummeret på posten. Oversikt over postane finn du i den alfabetiske innhaldslista eller i postomtalen i «Rettleiing til postane». Finn du ikkje

Barn si inntekt og formue er vanlegvis fordelt med ein halvpart på kvar av foreldra. Bur foreldra ikkje saman, les tema «Likning av barn» i «Rettleiing til postane».

Per, sonen til Ola, har gått i kommunal barnehage. Oppgåva viser at Ola har betalt kr 18 000. Per var også i privat barnehage ei tid. Ola har betalt kr 10 000 til barnehagen, men barnehagen har ikkje sendt årsoppgåve til Skatteetaten (private barnehagar har ikkje plikt til det). Maksimalt foreldrefråndrag for eitt barn er kr 25 000. Ola fører opp namn og adresse på den private barnehagen i post 5.0 – tilleggsopplysningar. Halvparten av frådraget fører Ola i si sjølvmelding. Ektefellen fører den andre halvparten i si sjølvmelding. Dei stryk feil beløp og fører rett beløp i rettekolonnen ved sida av (som her).

Listepriisen på campingvogna er ikkje førehandsutfyllt. Ola tek difor kontakt med ein merkeleverandør, som opplyser at listepriisen var kr 80 000 i 1993. Ola gjev opp listepriis i post 4.2.6. Han reknar ut formuesverdien til 15 prosent av listepriisen, det vil seie kr 12 000, og fører beløpet i rettekolonnen for «Formue/Gjeld».



Skatteetaten
Postboks 2233, 3332 Skattdal Tlf 99 99 99 99

0400

03 11 63 003 31 1

Sjølvmelding 2008
for lønntakarar og pensjonistar o.a.

Nordmann Ola
Stredet 15 A
3333 Skatteveg

Fødselsnummer **031163 003 31**
Skatteklasser 1E
Fødselsnummeret til ektefellen 10 06 62 434 60

Guidelines to the tax return, see www.tax-norway.no
Om levering, sjå informasjon lenger bak.
Har du spørsmål om skatt, kontakt skattekontoret.
E-postadressa finn du på www.skatteetaten.no

Kontroller beløpa nedanfor. Sjå Starthjelpa til sjølvmeldinga for korleis endre postar. Bruk post 5.0 for evt tilleggsopplysningar.

| | | Inntekt/Fråndrag | Retta til | Formue/Gjeld | Retta til |
|--|--|----------------------------|-----------|------------------|-----------|
| 2.1 | Lønn og tilsvarende ytingar | 460 200 | | | |
| 2.1.1 | Lønn, Skattevik Bit | Kode 111-A 420 200 | | | |
| 2.1.1 | Fri bil | Kode 118-A 40 000 | | | |
| | Sum grunnlag trygdeavgift (7,8%) | 460 200 | | | |
| | Sum grunnlag toppskatt | 460 200 | | | |
| 2.8/4.3 | Bustad og annan fast eigedom | | | 580 800 | |
| 4.3.2 | Bustad i Skattdal, | Gnr/Bnr 00001/0001 484 000 | | | |
| 4.3.3 | Fritidsbustad i Gol, | Gnr/Bnr 00002/0002 96 800 | | | |
| 3.1/4.1/4.5 | Renter, innskott, verdipapir, andre kapitalinntekter o.a. | 11 830 | | 503 700 | |
| 3.1.1/4.1.1 | Renter/innskott i Sparebanken | 9 420 | | 179 000 | |
| 3.1.1/4.1.1 | Renter/innskott i Sparebanken | 380 | | 10 200 | |
| 3.1.4/4.5.2 | Avkastning/verdi i A/S Forsikring | 1 500 | | 32 400 | |
| 4.1.7 | Verdi norske aksjer o.a. i verdipapirregister | | | 20 000 | |
| 3.1.5 | Skattepliktig aksjeutbytte/verdi overført frå RF-1088 | 530 | | 262 100 | |
| 3.2 | Fråndrag i tilknytning til arbeidsinntekt o.a. | - 85 670 | | | |
| 3.2.1 | Minstefråndrag eiga inntekt | - 67 000 | | | |
| 3.2.8 | Reisefråndrag 230 dager 60 km - kr 12 800 Ved endring, sjå "Spesifikasjon av reisefråndrag" | - 6 520 | | | |
| 3.2.8/3.2.9 | Reisefråndrag overført frå "Spesifikasjon av reisefråndrag" | → | - 11 840 | | |
| 3.2.10 | Foreldrefråndrag, totalt innmeldt kr 18 000 Til frådrag (maks kr 25 000 for eitt barn) Kr 18 000 skal fordelast mellom ektefellane | - 9 000 | | - 12 500 | |
| 3.2.11 | Fagforening i alt kr 3 200 | Kode 311 - 3 150 | | | |
| 3.3/4.8 | Renter, gjeld, andre kapitalkostnader og frådrag | - 28 000 | | - 371 400 | |
| 3.3.1/4.8.1 | Renter/gjeld i Sparebanken | - 21 200 | | - 316 000 | |
| 3.3.1/4.8.1 | Renter/gjeld i ABC-bank | - 5 700 | | - 55 400 | |
| 3.3.7 | Gåve til vitenskaplig forskning | - 1 100 | | | |
| 4.2 | Innbu/lausoyre, bil, MC, båt o.a. | | | 88 000 | |
| 4.2.3 | Innbu/lausoyre inkl. båt med salsv. under 50 000 | | | | |
| 4.2.5 | Bil o.a., 2003, FS 26980, listepriis som ny kr 290 000 | | | 87 000 | |
| 4.2.5 | Bil o.a., 1979, HB 36880, listepriis som ny kr 52 000 | | | 1 000 | |
| 4.2.6 | Campingvogn, 1991, CE 4630 listepriis som ny kr 80 000 | | | 12 000 | |
| 3.6/4.9 | Sum grunnlag for inntekts- og formuesskatt | 358 360 | | 801 100 | |
| Nordmann Ola 03 11 63 003 31 03 11 63 003 31 1 | | | | | |


nummeret på posten, kan du la vere å skrive det. Skriv kva beløpet gjeld. Nye eller endra frådrags- og gjeldsbeløp fører du opp med minusteikn, inntekts- og formuesbeløp utan forteikn. Beløpa skal gjevast opp i heile kroner. Dersom du skal rette førehandsutfylte beløp, skal

inntekts- og frådragsbeløp førast i den første rettekolonnen, formues- og gjeldsbeløp i den andre. Sjekk at all lønn, alle godtgjersler og frådrag er komne med.

Du kan levere sjølvmeldinga på **skatteetaten.no** Elektronisk levering er

ein rask, enkel og sikker måte å levere på. Dersom du ikkje har endringar, kan du velje leveringsfritak.

Ønskjer du å levere på papir til skattekontoret, må du hugse underskrifta. Adressa står på sjølvmeldinga.



Spesifikasjon av reisefrådrag

| | |
|--|------------------------|
| 3.2.8 Reisefrådrag, heim-arbeid <u>40</u> dagar á <u>60</u> km (tur-retur) á kr 1,40/0,70 | = kr <u>3 360</u> |
| 3.2.8 Reisefrådrag, heim-arbeid <u>190</u> dagar á <u>80</u> km (tur-retur) á kr 1,40/0,70 | = + <u>21 280</u> |
| 3.2.9 Reisefrådrag, besøk i heimen _____ besøk á _____ km (tur-retur) á kr 1,40/0,70 | = + _____ |
| Bompengar og fergeutgifter, dersom dei er over kr 3300 | = + _____ |
| - Eigendel | = - <u>12 800</u> |
| Før summen over til post 3.2.8/3.2.9 | = <u>11 840</u> |

Opplysningar om personlege forhold o.a.

1.5.2 Fekk du i 2008 skattefrie spelegevinstar eller gevinst frå tiltak arrangert frå massemedium til ein verdi av til saman kr 100 000 eller meir? Gi i så fall opp beløp/verdi. kr _____
Om kva for spelegevinstar som er skattefrie, sjå rettleiinga til postane.

1.5.3 Fekk du i 2008 arv eller gáve til ein verdi av til saman kr 100 000 eller meir? Gi i så fall opp beløp/verdi. kr _____
(Arveavgiftspliktig arv/gáve skal i tillegg meldast på eige skjema til skattekontoret sjølv om verdien ikkje overstig kr 100 000. Sjå rettleiinga til postane).

1.5.6 Hadde du inntekt, formue (herunder fast eigedom) og/eller gjeld i utlandet i 2008?
Kryss i så fall for ja og gi nærmare opplysningar nedanfor. Sjå rettleiinga.
Krev du kreditfrådrag? Kryss i så fall for ja. Ja _____
Krev du nedsetjing av skatt på lønn tent under arbeidsopphald i utlandet? Kryss i så fall for ja. Ja _____

1.5.7 Kryss av om du ønskjer sjølvmeldinga tilsend i annan målform: Bokmål _____ Nynorsk _____
Do you wish to receive an English version of the tax return next year? Yes _____ No _____

Beløp som ikkje er fylt ut på førehand, fører du her

| Postnr | Gi opp nummeret på posten, sjå rettleiingane. Skriv tydeleg! | Inntekt/Frådrag | Formue/Gjeld |
|--------------------|--|-----------------|------------------|
| <u>3.3.1/4.8.1</u> | <u>Gjeld og gjeldsrenter til Petra Nordmann,</u> | <u>- 5 000</u> | <u>- 100 000</u> |
| | <u>1000 Stomperudbygda, født 22.02.32</u> | | |

5.0 Tilleggsopplysningar Blir plassen for liten, bruk eget ark.

3.2.10 Vi har betalt 10 000 kr for pass og stell av barn i Stomperud barnehage, adresse
1000 Stomperudbygda. Foreldrefrådraget er delt med ein halvpart på kvar av oss.

Før opp talet vedlegg til sjølvmeldinga (hugs å skrive namn og fødselsnummer på alle vedlegg). _____

Eg har kontrollert tala i sjølvmeldinga, og har ført opp endringar eller nye opplysningar dersom det har vore nødvendig. Opplysningane er gitt etter beste skjønn og overtyding og så fullstendig som råd.
Eg er kjend med at eg kan kome i straffansvar om eg gir urette eller ufullstendige opplysningar.

Dato _____ Underskrift _____ Tlf. privat _____ Tlf. arbeid _____

Nordmann Ola
03 11 63 003 31

Du har fått eit brev med PIN-kodar som du kan bruke til offentlege tenester på internett.
Nye PIN-kodar kan bestillast på www.skatteetaten.no/pin

I enkelte tilfelle er reisefrådraget for reiser mellom heim og fast arbeidsstad ført opp med det same beløpet som på sjølvmeldinga for i fjor, som her. Har du flytta, begynt i ny jobb, vorte pensjonist, eller hatt fleire eller færre arbeidsdagar enn i fjor, må du stryke beløpet. Fyll ut «spesifikasjon for reisefrådrag» og før netto-beløpet i post 3.2.8/3.2.9.

Ola har flytta i løpet av året. I 40 dagar hadde han ein dagleg reiseavstand mellom heim og fast arbeidsstad på 60 km tur-retur. Dei siste 190 dagane var reiseavstanden 80 km tur-retur. Han spesifiserer dette i feltet for utrekning av reisefrådrag, og fører opp det nye beløpet i post 3.2.8/3.2.9.

Ola har lånt kr 100 000 av mor si, Petra Nordmann, adresse 1000 Stomperudbygda, fødd 22.2.1932. For dette har han betalt kr 5 000 i påkomne renter. Beløpa fører han opp her, med minusteikn framfor, og merkjer posten 3.3.1/4.8.1.



eAktør

Vil du bli eAktør?

Då får du sjølvmeldinga og skatteoppgjøret elektronisk i staden for på papir. Du får sjå dokumenta raskare, og du sparar miljøet. Tenesta er sikker, og dokumenta blir trygt oppbevarte på ditt personlege område her på Altinn. Ingen andre har tilgang til området ditt.

Når sjølvmeldinga og skatteoppjøret er klare, får du melding på e-post og sms.

Treng du informasjon før du bestemmer deg?

- Sjå www.skatteetaten.no/eAktør (lenkja opnar seg i eit eige vindauge)
- Du kan også ringje Skatteopplýsinga på 800 80 000

Ja, eg vil bli eAktør og få:

Sjølvmeldinga og skatteoppjøret elektronisk

Sjølvmeldinga elektronisk

Skatteoppjøret elektronisk

Nei, eg vil ha sjølvmeldinga og skatteoppjøret tilsendt på papir.

Du kan endre vala dine når som helst.

Mobilnummer:

E-postadresse:

Lagre/Til meny >>



Fyrste gong du loggar deg på sjølvmeldinga for lønnsstakarar og pensjonistar på Internett får du spørsmål om du vil bli eAktør og få tilsendt sjølvmeldinga og skatteoppgjøret berre elektronisk i framtida.

Før du kan halde fram må du svare på dei spørsmåla som kjem opp i bilete.

Korleis levere sjølvmeldinga på Internett

altinn

Sjølvmelding for lønnsstakarar og pensjonistar | Vedlegg 10

Gå direkte til post: 1 | Postnummer: | Søkk i rettleiinga: 2 | Søk

| Post | Inntekt/Fråndrag | Formue/Gjeld |
|---|------------------|--------------------|
| | Retta til | Retta til |
| 1.2/1.6 Opplysningar om person... | | Endra |
| 1.6/1.7 Personinntekt frå fereta... | | Endra |
| 2.1 Lønn og liknande ytingar | 6 394 000 | 205 000 |
| 2.2 Pensjonar, livrenter i a... | | Endra |
| 2.6 Rådsg. livrenter, lønne... | | Endra |
| 2.7 Næringsinntekter | | Endra |
| 2.8/4.3 Bustad og annan fast ei... | | 63 250 |
| 3.1/4.1/4.5 Rentar, innskott, verdip... | 32 500 | 676 700 |
| 3.2 Fråndrag i tilknyting til... | - 4 000 | Endra |
| 3.3/4.8 Rentar, gjeld, andre kap... | -23-200 - 44 500 | -150-350 - 367 400 |
| 3.5 Særfråndrag | | Endra |
| 4.2 Innbu/lausovra. bil, MC... | | Endra |
| 5.0 Tilleggsopplýsingar | | Endra |

Hjelpetekst: 5

Klikk på spørsmåleteiknet vis du vil ha meir informasjon om ein post.

10 3 4

<< Tilbake til meny

Sjå på før innsending

9 Start innsending >>

altinn

Sjølvmelding for lønnsstakarar og pensjonistar

2.1 Lønn og liknande ytingar

| Post | Inntekt/Fråndrag | Formue/Gjeld |
|-------------------------------------|------------------|--------------|
| | Retta til | Retta til |
| 2.1.1 Lønn og naturalytingar o.a... | 436 000 | 125 000 |
| 2.1.1 Lønn og naturalytingar o.a... | 20 000 | |
| 2.1.1 Lønn og naturalytingar o.a... | 35 000 | |
| 2.1.1 Lønn og naturalytingar o.a... | | 25 000 |

Legg til nye postar i 2.1 Lønn og liknande ytingar

Post nr: < vel post >

Ønsker du å gi fleire opplysningar, kan du gjere det i post 5.0 Tilleggsopplýsingar.

Hjelpetekst: 5

Her fører du lønn, honorar og andre ytingar frå arbeidsgivar. I seks fordel ved fri bruk av bil, flybonus, helse eller delvis fri bustad, fritt arbeidstøy, fordel vunnne ved innlysning eller sal av oppsjon som gir rett til kjøp eller sal av aksje eller grunnfondsbevis til eller frå arbeidsgivar. Delepa står i lønns- og trekkoppgåva.

4

<< Lagre/Tilbake til oversikta

Oversikt over alle postane i sjølvmeldinga

- «Gå direkte til post» bruker du når du kjenner postnummeret og vil gå direkte dit.
- Du kan gå til «Søk i rettleiinga» for å finne fleire opplysningar om ein post eller eit tema.
- Les «Rettleiinga til postane».
- Lær meir om korleis du bruker nett-løysinga. Her blir du også vist til brukarstøtte.
- Til alle postane i sjølvmeldinga er det knytta hjelpetekstar. Klikk på ?-knappen for å sjå hjelpeteksten.
- Her er ein av postane under gruppe «2.1 Lønn og liknande ytingar» endra. Opphavleg beløp er stroke over, og nytt beløp ligg i kolonna «Retta til».
- Bruk lenkja for å endre eller leggje til postar under denne.
- Alle postane i sjølvmeldinga er sorterte i hovudgrupper. Bruk lenkja for å endre eller leggje til ein post i denne gruppa.
- Når du har gjort alle endringar og tillegg, kan du sende inn sjølvmeldinga.

Du kan sende inn fleire gonger fram til fristen 30. april viss du vil endre postar seinare.

10 Her finn du alle vedleggskjema du kan leggje til sjølvmeldinga. Du kan også endre og slette skjema her.

Enkeltpostar

- Her er alle postane dine som høyrer til denne hovudgruppa.
- For å endre beløp eller slette ein post bruker du desse lenkjene.
- Bruk nedtrekkslista for å leggje til nye postar. Alle tilgjengelege postar for denne hovudgruppa finn du her. For nokre postar i sjølvmeldinga er det nødvendig å gi fleire opplysningar på eigne RF-skjema. Ved utfylling av sjølvmeldinga på Internett blir RF-skjema tilgjengeleg når du legg til ein post som krev dette. RF-skjema blir automatisk sendt inn når dei er fylt ut saman med sjølvmeldinga di.
- Når du er ferdig med å gjere endringar i denne hovudgruppa, går du tilbake

til oversikta med denne knappen. Alle endringar blir då lagra.

5 Her er ?-knappen brukt for å vise hjelpetekst til posten «2.1.1 Lønn og naturalytingar o.a.».

Utgege av Skattedirektoratet Postboks 9200, Grønland 0134 Oslo Februar 2009

Opplag: Bokmål 3 475 000 Nynorsk 460 000

Grafisk utforming: Blå Design AS

Trykk: Strålfors AS

RF-2039 N

skatteetaten.no NRK1 Tekst-TV side 818